

Lindås kommune  
Avd. byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

**Arkoconsult AS**  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Telefon: 56 39 00 03  
Telefaks: 56 19 11 30  
E-post: [post@arkoconsult.no](mailto:post@arkoconsult.no)  
[www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
Nina Søvik Mjømen

Dato:  
08.01.2016

## **SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK VED GNR. 108, BNR. 515 I LINDÅS KOMMUNE**

Søker med dette om løyve til tiltak ved gbnr. 108/515 i Lindås kommune. Tiltaket består i å legge ut bølgedempar til eksisterande flytebrygge, samt å få godkjend den delen av flytebrygga som kjem ut over grense i reguleringsplan for området. Tiltakshavar er Consensus Holding AS.

### **1. Planstatus:**

Eigedomen ligg innafør Reguleringsplan for del av Lindås nedre (Plan ID: 1263 16061994). Tiltaket det her blir søkt løyve til er likevel utanfor grensa til denne reguleringsplanen. Som utgangspunkt blir det dermed kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 som sett grenser for tiltaket. Denne legg på si side til grunn at det er kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden som skal gjelde (Plan ID: 1263 200810).

Området er avsett til fleirbruksområde for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Tiltaket er ikkje i samsvar med dette formålet og det må dermed søkast dispensasjon. For eigen dispensasjonssøknad sjå vedlegg B-1.

### **2. Førehandskonferanse:**

Det er ikkje helde førehandskonferanse.

### **3. Naboforhold:**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med naboliste frå Lindås kommune. Det ligg føre merknadar frå 5 av naboane, sjå vedlegg Q-1 til Q-4. For samanføyning av merknadane med våre kommentarar, sjå vedlegg C-2.

På tidspunkt for utsending av nabovarsel var ny kommunedelplan ikkje vedteken. Dette har medført at ein etter nabovarsel har måtta endre på dispensasjonssøknaden i form av plangrunnlag. Endringane har likevel ikkje ført til endring av innhaldet i dispensasjonssøknaden då formålet i stor grad er liksom som etter tidlegare kommuneplan. Vi ser dermed ikkje at nytt nabovarsel er naudsynt.

### **4. Dispensasjon:**

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå arealformålet som framkjem i kommunedelplanen, samt Pbl. § 1-8, 2. ledd. For eigen dispensasjonssøknad sjå vedlegg B-1.

Firma:  
Arkoconsult AS

Forretningsadresse:  
HTB-bygget, sentrum

Postadresse:  
Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:  
Org. nr: 997 089 782

**5. Vatn og avløp:**

Tiltaket medfører ingen endring.

**6. Avkøyrse, veg og parkering:**

Tiltaket medfører ingen endring.

**7. Ansvarsrettar:**

Arkoconsult AS erklærer ansvarsrett på SØK, samt PRO – arkitektonisk utforming og brukbarhet. Arkoconsult har sentral godkjenning innan alle desse ansvarsområda.

**8. Estetisk utgreiing:**

Flytebrygge og bølgebrytar er av standard type og like som andre i området.

**9. Storleik:**

ligg ca. 12,3 m. ut over grense for gjeldande reguleringsplan. Brygga er totalt 36 m lang og 2,7 m. brei, med landgang som stikk ca. 4,3 meter ut frå land. Totalt stikk brygge med landgang og planlagt bølgebrytar, ca. 40,3 meter ut frå land. I tillegg kjem bølgebrytar på tvers på 2x24 m.

**10. Plassering:**

Tiltaket er delvis plassert innanfor gjeldande reguleringsplan og delvis i uregulert område.

**11. Andre forhold:**

Det er i samband med søknad henta inn førehandsuttale frå Bergen og Omland Havnevesen, sjå vedlegg I-1. Dei kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med dei omsyn BOH er sett til å ivareta.

Det må også nemnast at det i samband med hardt vær den seinare tida igjen har oppstått skader på eksisterande kaianlegg. Dette medfører nye utgifter for tiltakshavar. Det hastar såleis å få gjennomført tiltak som kan skydde anlegget. Nabobrygge med utlagd bølgedempar vart ikkje påført slike skader.

Dersom det skulle vere behov for ytterlegare informasjon angående saka, ta gjerne kontakt på telefon eller e-post for raskt svar.

Med vennlig helsing/Best Regards



**Nina Søvik Mjømen**  
Jurist, Byggesak

Fossen Senter, Postboks 103  
5291 Valestrandsfossen  
Org.nr. 997 089 782

Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 99245581

Fax: +47 56191130

Epost: [nina@arkoconsult.no](mailto:nina@arkoconsult.no)



**arkoconsult**  
Arkoconsult AS